

# ÅRSMELDING

## SOGN NÆRING AS 2019



## Om Sogn Næring

Sogn Næring AS driv næringsutvikling med Sogndal og Leikanger som primærområde, frå nyttår 2020 Sogndal kommune (tidlegare Balestrand, Leikanger og Sogndal). Selskapet har og regionale oppgåver gjennom t.d. samarbeid med Sognefjorden Næringshage om SIVA sitt næringshageprogram, og leverer prosjektenester til både næringsliv og det offentlege.

Generalforsamlinga i selskapet valde dette styret 24. april 2019:

- Agnar Holen
- Cecilie Njøs
- Eli Grete Høyvik
- Jørgen Christian Lindstrøm
- Karin Vikane
- Stig Ove Ølmheim

### **Varamedlemmer:**

Anders Bjærke (møtande vara)  
Rita Navarsete  
Jan Petter Vadheim

Agnar Holen vart vald som leiar av generalforsamlinga. Cecilie Njøs vart vald av styret til nestleiar.

I 2019 var det 6 styremøte og styret handsama 83 saker.

Årsrekneskap for selskapet ligg vedlagt denne rapporten. Årsoverskotet i 2019 er på 6.130,- kr og styret meiner at årsrekneskapen gir ein rettvise oversikt over utvikling og resultat i selskapet.

I 2019 har det vore tilsett ei kvinne og ein mann i Sogn Næring. Torgeir Skålid vart tilsett som dagleg leiar 01.01.2019, Gunn Cecilie Timberlid Hundere starta i stilling som seniorrådgjevar 01.05.2019. I samband med prosjekt er det kjøpt inn relevante tenester frå eksterne leverandørar.

Styret og dagleg leiar vurderer arbeidsmiljøet som godt. Tilsette har høve til å nytte 1 time kvar veke til trening, og selskapet har treningsavtale med Idrettssenteret AS. Det er ikkje meldt omulukker eller skader i perioden, og sjukefråveret har vore minimalt.

I 2019 har styret hatt særskilt fokus på å rigge selskapet for oppdrag for nye Sogndal kommune, å sikre stabile økonomiske rammevilkår og endringar i eigarskapet i selskapet. På alle felt er det god framdrift og det er gode utsikter for selskapet.

Verksemda medfører ikkje utslepp eller forureining som kan vere til skade for det ytre miljø (jf. § 8 i Forureiningslova).

## Aktiviteten i selskapet

Leikanger kommune, Sogndal kommune, Nye Sogndal kommune og Sognefjorden Næringshage har vore faste oppdragsgjevarar gjennom heile 2019. I tillegg er det levert tenester til ulike prosjekt for næringslivet.

### Leikanger kommune

Gjennom 2019 har Leikanger kommune hatt ein avtale med Sogn Næring om kjøp av tenester for å operere kommunal førstelinjeteneste, forvaltning av felles kommunalt næringsfond og næringsarbeid generelt med ramme på 350 timar.

Sogn Næring sitt arbeid er forankra i Kommuneplanen til Leikanger kommune sin samfunnsdel 2015 –2026:

- Innovative aktørar i privat og offentleg sektor skal oppleve at det er lett å etablera og utvikla verksemder i Leikanger. Kommunen skal vera ein aktiv samarbeidspartnar i arbeidet med å utvikla eit variert, konkurransedyktig og berekraftig næringsliv.
- Me skal vera aktive i arbeidet med å styrka eksisterande næringar, leggja til rette for nye verksemder og vere eit godt vertskap

#### **Prioriterte satsingar:**

- Samarbeida systematisk med dei andre offentlege etatane og næringslivet i kommunen for å: rekruttere arbeidskraft og sikre tilflytting, samarbeida om kompetanseheving hjå tilsette, kartlegge behov og potensiale hjå kvar enkelt verksemd følgja opp forvaltningsutvikling, arealbehov, eigarskap og vertskap
- Arbeida tett med bedrifter og næringsaktørar i kommunen for å nå felles mål og skape nettverk i lag med dei små verksemdene

#### **Timeressursar i 2019 er mellom anna nytta til:**

- 1.linjeteneste for næringsutvikling (gründer og bedriftskontakt)
- Rettleiing og forvaltning kommunalt næringsfond (eigen rapport vedlagt)
- Dialogmøter med kommunen og kommunale etatar.
- Bedriftsbesøk og nettverksaktivitetar
- Oppfølging og utvikling av strategi for offentlege arbeidsplassar

Det har vore tett kontakt med Njøs Næringsutvikling kring utviklinga av Norsk frukt- og bærseier. Vidare har dialogen med Leikanger Næringshage vore god, og næringshagen vert del av den samla utviklingsstrukturen i Sogndal frå 2020. Det er teke mindre initiativ innan reiselivsnæringa, og i samband med Redningsselskapet si etablering på Leikanger, har Sogn Næring ytt bistand til RS og Leikanger kommune.

### Sogndal kommune

Avtalen mellom Sogndal kommune og Sogn Næring om kjøp av tenester, hadde i 2019 ramme på om lag 880 timar. Grunna ekstraarbeid i samband med kommunesamanslåinga, vart det gjort tillegskjøp på om lag 250 timar.

Sogn Næring sitt arbeid er forankra i Kommuneplan sin samfunnsdel 2010-2022:

**Næringslivet er og skal vere eit høgt prioritert satsingsområde:**

- Etableringsrettleiing
- Etablere og vedlikehalde nettverk mellom næringsverksemder og offentlege instansar
- Kompetanse om og kontakt med det regionale statlege næringsapparatet
- Vertskap for inkubator
- I samråd med kommune ta del større utviklingsprosjekt
- Marknadsføre kommune og regionen som lokaliseringsstad for verksemder/arbeidsplassar handsame søknader til det kommunale næringsfondet
- Nyetablering
- Samarbeidspartnar for etablerte verksemder.

Hovudfokus i 2019 har vore den kommunale 1.-linetenesta for næringsutvikling, som inneber tett kontakt med både gründerar og etablert næringsliv. I tillegg har forvaltning av felles kommunalt næringsfond vore prioritert. I tillegg er det verdt å nemne:

- Utvikling av Nye Sogndal kommune
- Oppfølging og utvikling av strategi for offentlege arbeidspassar
- Arbeid inn mot utdanningsinstitusjonane
- Bedriftsbesøk
- Arbeid for eigargruppa Campus Sogndal (sekretariat)
- Hangar på Sogndal Lufthamn, og utvikling av flytilbodet i Sogn
- Representasjonsoppdrag
- Ymse prosjektinitiativ, informasjonstiltak
- Regionalt arbeid, næringsnettverket (dagleg leiar har vore leiar av nettverket)
- Oppfølging av nye og eksisterande nettverk.

### Sognefjorden Næringshage

Sogn Næring leverte i 2019 ca. 450 timar til Sognefjorden Næringshage til drift av næringshageprogrammet. Timane er stort sett levert av tilsette i selskapet, det meste er levert av dagleg leiar. Oppgåvene har vore knytt til:

- Administrasjon, drift av næringshageprogrammet og rekruttering av målbedrifter
- Nettverksaktivitetar, samlingar, studieturar m.m.
- Informasjonsarbeid
- Bedriftsrettleiing

Fokusområdet har vore etablert næringsliv på nordsida av Sognefjorden (Luster, Sogndal, Leikanger, Førde), men vi har og hatt oppdrag på sørsida (Årdal, Lærdal, Aurland). Nokre av gründerbedriftene i Sogndal kommune er óg målbedrifter i næringshagen.

## Nye Sogndal kommune

På oppdrag frå Nye Sogndal kommune har selskapet vore sekretariat for eit utgreiingsarbeid i samband med endringsprosessar i offentlege strukturar på leikanger, spesielt Statens Vegvesen.

Det er og lagt ned mykje arbeid med den nye kommuneorganisasjonen for å utvikle strategiar og mål for utviklingsarbeidet i den nye kommunen, og for å få på plass ein høveleg organisasjon for dette arbeidet.

## Nettverk

Selskapet har auka satsinga på å skape nettverksarenaer for næringslivet, både gjennom egne arrangement, og arrangement i samarbeid med andre. Kurs, seminar, møter og studieturar som knyter næringslivet saman. Dette er sentrale oppgåver som vert enda viktigare i framtida, og som bør løysast med samarbeid i regionen.

## Kompetanse

Selskapet har god kontakt med dei andre hjelparane innafor næringsapparatet og deltek jamleg på kurs og kompetansetiltak gjennom Innovasjon Norge, Fylkeskommune, Næringshage, Kunnskapspark, egne initiativ og mykje meir. Selskapet har eit vidt arbeidsfelt og vil aldri sjølv ha all naudsynt kompetanse. Styret vel difor i tillegg til å ha ein høgt kompetent intern stab, å leige inn spisskompetanse ved behov.

Næringslivet vårt har og kompetansebehov, og selskapet forsøker så langt det er mogeleg å svare på dette behovet.

## Rettleiing av etablerarar

Sogn Næring gjev i hovudsak inntil fem timar gratis rettleiing til kvar einskild gründer. I nokre høve vert denne grensa utvida når vi har ekstra tru på gründeren og ser at kompetansen vår kan vere avgjerande for at denne personen kjem vidare med prosjektet sitt.

Etablererrettleiinga tek ein god del ressursar frå basisfinansieringa i selskapet. Det er eit mål at selskapet skal ha god kompetanse på dette fagfeltet og at potensielle gründerar skal føle seg særleg velkomne til regionen vår.

Vi har vore i møter ca. 40 ulike gründerar eller personar i tidleg oppstartfase som ynskte bedriftsrådgjeving i 2019. Vi oppmodar særleg gründerar til å delta på dei Sogn Næring sine ulike nettverksarenaer.

## Kommunalt næringsfond i Leikanger og Sogndal kommune 2019

Kommunestyra i Leikanger- og Sogndal kommune har delegerte mynde og forvaltning av det kommunale næringsfondet til Sogn Næring AS. Retningslinjer for bruken av fondet blei vedteke i dei to kommunestyra 17.02.2017 og 16.02.2017.

Det kommunale næringsfondet var per 01.01.2019 på kr 1.510.152, og det vart tildelt 1.470.310,- fordelt på 16 prosjekt. Styret har levert eigen rapport om arbeidet med fondet til kommunestyra i dei to kommunane. Restmidlar i fondet per 01.01.2020 vert overført Sogndal kommune.

## Rekrutteringsaktivitetar

Rekruttering er kritisk for arbeidsmarknaden i vårt område. I 2019 har ikkje selskapet klart å prioritere denne aktiviteten høgt nok. Aktiviteten har vore knytt til karrieremessene, gjennom engasjementet i Framtidsfylket.

## Selskap vi eig i:

### Gründerkontoret – Gründersenteret FUS

- Eigardel: 50%
- Andre eigarar: Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane

Selskapet driv gründerkontorfasilitatar på Campus Sogndal. Selskapet vert mindre aktivt frå 01.01.2020 grunna anna struktur på arbeidet.

### Vitensenteret i Sogn og Fjordane

- Eigardel: 6,5%
- Andre eigarar: Næringsliv og offentleg verksemd

Skal utvikle og drive Vitemeir på Kaupanger

### Hangar Sogndal AS

- Eigardel: 33,3%
- Andre eigarar: Sogndal kommune

Selskap skipa for å finansiere, byggje og drive hangar på Sogndal Lufthamn. Hangaren vart ferdigstilt i desember 2019, og det vert offisiell opning våren 2020.

### Visit Sognefjord

- Eigardel: 12,15%
- Andre eigarar: Kommunar og reiselivsbedrifter i Sogn.

Driv marknadsføring for reiselivet

### Framtidsfylket

- Eigardel: 2,78%
- Andre eigarar: Næringsliv og offentlege i Sogn og Fjordane

Rekruttering og drift av traineeprogram

## Strategi

Strategiarbeidet har halde fram i 2019. Med nye eigar og hovudoppdragsgjevar frå nyttår, har det vore naudsynt med tett dialog med den nye kommunestrukturen i dette arbeidet.

Arbeidet vart slutført i første halvdel av 2020, og vil vere godt samstemt med Sogndal kommune sin strategiske plan for området. Generalforsamlinga i selskapet vil få ein eigen gjennomgang av strategien.

### Representasjon og profilering av selskapet

Styret har fokusert på å gjere selskapet synleg gjennom heile året. Både tilsette og styre har prioritert å vere til stades på viktige nettverksarenaer, møter, seminar, studieturar og sosiale tiltak.

Det er sett i verk tiltak som hyppigare oppdatering av eigen nettside, nyheitsbrev og i sosiale media. Ein har og forsøkt å vere til stades i kommunane for å formidle eigen aktivitet. Profilering og kommunikasjon står framleis på styret si tiltaksliste, og skal utviklast i 2020.

### Avslutning

Styreleiar og dagleg vurderer at selskapet i 2019 har nådd fastsette mål og levert gode tenester. Vi ser fram til å jobbe med nye eigarar og den nye kommunestrukturen i tida framover. Det skal utviklast strategiar og handlingsplanar, og her vil selskapet vere proaktive. Vi ønskjer og å utvikle den regionale profilen til selskapet. Vidareutvikling av tenestene vil, som alltid, stå sentralt i tida framover.

Sogndal 06.04.2019



**Agnar Holen**  
Styreleiar



**Forgeir Skålid**  
Dagleg leiar

